



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev juni 2021

Så er nok eit Lionsår gått over i historia. Året me aldri kjem til å gløyma. Nesten ingen fysiske klubb- eller sonemøte. Digitalt Distriktsmøte, Riksmøte og Convention. Det var det året då digital avstemming og møte på Teams eller Zoom vart innført. For mange vart læringskurva bratt og utfordringane mange. Men viljen til å ta i bruk digitale plattformer har vore stor og det har faktisk fungert å ha møte på denne måten. Denne møteforma vil aldri kunna erstatta fysiske møte, men som eit supplement er det nok kome for å bli.

### Klubb og sone

Det er så godt å sjå at klubbane har livna til igjen. Mange klubbar har hatt sommaravslutning med stor suksess. Eg var heldig å bli invitert til LC Strandebarm og hadde ein fantastisk kveld i lag med klubben.

**Gratulera til LC Fusa**, min eigen klubb, som feira 40-årsjubileum denne månaden. Ein kjekk kveld der presidenten delte ut to Melvin Jones Fellowship (MJF) og ein Lionsfakkell. Eg ser at mange klubbar har vore raus med utdeling av MJF denne månaden.

**LC Norheimsund** delte ut heile fem stykke. Fantastisk. Med ei slike tildelingar heidrar me nokon som har fortent det, samtidig så me er med og bidra til LCIF. Ved utdeling av Lionsfakkelen støttar me Lions Norge sitt katastrofefond.

**Vaffeldagen 12. juni** vart feira av fleire klubbar. Positive tilbakemeldingar vitnar om suksess for dei som arrangerte aktiviteten. Håpar fleire blir med på dette neste år.

**Eg må også gratulera LC Askøy** som no etablerer eit millionfond for vanskelegstilte barn på Askøy. Dette vil nok vera til glede for mange barn, og er eit utruleg flott tiltak.

**Noko av det kjekkaste eg har vore med på i dette Lionsåret** er rundreisa i Distriktet denne månaden i lag med GLT, GMT og GST. Det for å gje opplæring, informasjon og inspirasjon til påtroppande presidentar og soneleiarar i Distriktet. Dette har vore veldig lærerikt for oss også. Møte med fantastiske Lions på Bryne, i Haugesund, Sogndal og Bergen har rett og slett vore både givande og inspirerande. Dette opplegget er nok kome for å bli. Det er viktig å koma tidleg i gang og vera så klar som me berre kan når Lionsåret 2021-2022 bankar på døra. Stor takk til alle medlemmer som har teke på seg verv. Ein spesielt takk til påtroppande presidentar og soneleiarar. Dette er svært viktige verv i organisasjonen vår.

**Ønskjer alle lykke til**, og eg håpar på eit godt samarbeid med klubbar og sonar neste år også.

### Tråastølen



**Kva med nokre dagar på Hardangervidda 6.-9. juli?** Tråastølen treng skraping og måling. Dugnad er kjekt i lag med gode venner. Og Tråastølen ein fantastisk plass. Ta kontakt med Stine King tlf 41482635 [stine.skriv@gmail.com](mailto:stine.skriv@gmail.com) om du har lyst til å bidra.

## Lions Røde Fjær (LRF)



**Mange har etterspurt Lions Røde Fjær - aksjonen. No nærmar det seg.**

18.-20. juni var det ei samling på Beitostølen Helse- og sportscenter for å ta tak i LRF igjen. Me fekk kjenna på meistringsfølelsen meir enn ein gong då me skulle prøva oss på ulike aktivitetar som er kvardagen til dei med nedsett funksjonsevne.

No gler eg meg til me skal setja i gong med aksjonen. Det håpar eg alle medlemmene også gjer. Gå gjerne inn på nettsida, [lrf.no](http://lrf.no), og les meir. Der finn de blant anna jubileumslåten "Løva". Den seier det meste om "**Små helter - store drømmer**" som er mottoet for aksjonen. LRF-kontakten i Distriktet vårt er Jan Egil Friestad - [egfriest@kleppnett.no](mailto:egfriest@kleppnett.no). Dei klubbane som ikkje har LRF-kontakt må oppretta dette så snart som mulig.

## LCI - Convention 2021



*Styret i Lions Norge 2021-2022*

Denne helga som var, blei den internasjonale Convention gjennomført. Digitalt sjølvstøtt, sendt frå LCI sitt hovudkontor i Oak Brook. Planen var at Convention skulle vera i Montreal, men det skjønte me tidleg ikkje kunne gå. Derfor har eg og dei andre Distrikts guvernørane 2021-2022 vore samla i Oslo og følgd Convention derifrå. Tirsdag avla me eden i lag med verds presidenten Douglas X Alexander. Det var høgtidleg og fint.

Mottoet til verds presidenten er:

**"Service From The Heart"**. Gode ord.

Til slutt vil eg først og fremst retta **ein varm takk** til medlemmene i Distriktsstyret og Distriktsrådet for den hjelp og støtte eg har fått gjennom dette utfordrande året. Me har vore eit godt team og fått til mykje til tross for pandemien. **Stor takk** til alle dei flotte medlemmene i alle klubbane som har stått på, vore tolmodige, sett muligheter og teke smittevern på alvor. Det er klubbane som er fundamentet i Lions. Det er medlemmene som driv organisasjonen, samlar inn midlar og utfører dei gode aktivitetane. Det er viktig å hugsa på. I skrivande stund har eg ein fot i to Lionsår. Eg er heldig som har fått muligheita til å "serva" dette flotte Distriktet vårt som Distrikts guvernør eit år til.

**Tusen takk for den tilliten.**

Gler meg til vidare samarbeid med alle. Med denne låta ønskjer eg ☀ God Sommar ☀  
<https://music.youtube.com/watch?v=mmWjFeQ1xI0&list=RDAMVMmmWjFeQ1xI0>



**Beste Lionshelsing frå Gunnhild  
Distrikts guvernør 104C 2020-2021**

